



Norddal kommune
- ein verdsarvkommune



LOKAL FORSKRIFT

OM

ORDENSREGLEMENT

FOR SKULANE I NORDDAL KOMMUNE

I Innleiing

§ 1 Heimel

Forskrift om ordensreglement for dei kommunale grunnskulane i Norddal kommune er fastsett av kommunestyret i Norddal med heimel i opplæringslova § 2-9.

I tillegg til denne forskrifta kan skulane lage ei konkretisering av reglementet der dette er nødvendig. Dette skal ikkje fråvike det overordna ordensreglementet.

§ 2 Føremål

Ordensreglementet skal gi elevane føreseielege og trygge rammer å halde seg til. Alle elevar i grunnskulen har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova § 9a-1. Ordensreglementet skal bidra til å utvikle elevane sin sosiale kompetanse, og til å byggje positive relasjonar mellom elevane og mellom elevar og tilsette.

Ordensreglementet inneheld rettar, plikter og reglar for orden og åtferd, reglar for kva for sanksjonar ein skal nytte mot elevar som bryt reglementet, og korleis slike saker blir handsama.

§ 3 Verkeområde

Ordensreglementet gjeld i skuletida for alle grunnskulane, skulefritidsordningane og vaksenopplæringa i kommunen. Så langt reglane passar, gjeld reglementet også på skulevegen og under alle arrangement i skulen sin regi utanfor skuletida.

§ 4 Ansvar

§ 4-1 Generelt ansvar for elevar, tilsette og føresette

Både elevar, tilsette og føresette har eit ansvar for å skape eit godt skulemiljø. Særleg viktig er det at alle bryr seg om kvarandre, oppfører seg fint overfor andre, omtalar kvarandre med respekt, og tek avstand frå mobbing, diskriminering, vald og hærverk.

§ 4-2 Spesielt ansvar for dei tilsette

§ 4-2-1 Opplysningsplikt

Saman med kontaktlærarane har rektor ansvar for at ordensreglane vert gjort kjent for elevar og føresette kvart år ved skulestart. Ordensreglementet skal takast opp som tema i alle klassene innan utgangen av september og i foreldremøtet kvar haust.

§4-2-2 Handlingsplikt

Dei tilsette sin handlingsplikt kjem fram i opplæringslova § 9a-3, 2. ledd:

Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

§ 5 Elevane sine generelle rettar og plikter

Som elev har du rett til:

- eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

- å bli høyrte i saker som gjeld ditt eige forhold til skulen
- å få forklare deg før det blir teke avgjerd om sanksjonar

Som elev har du plikt til:

- å følgje vanlege reglar for god folkeskikk
- å følgje ordensreglementet
- å rette deg etter ordre frå rektor, lærarar eller andre vaksne som har skulen som arbeidsplass.

§ 6 Elevar og føresette sin rett til å be om tiltak

Opplæringslova § 9a-3, 3. ledd gir elevar og føresette rett til å be skulen sette i verk tiltak som vedkjem det psykososiale skulemiljøet:

Dersom ein elev eller føresett ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skulen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skulen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.

Oppmodingar frå elevar og føresette treng ikkje vere skriftlege, sjølv om dette blir anbefalt av omsyn til den vidare handsaming av saka. Alle tilsette må vere merksame på at oppmodingar om tiltak også kan kome på e-post, skulen si digitale læringsplattform eller munnleg under samtale med elev eller føresett.

§ 7 Grunnlaget for vurdering i orden og åtferd

For grunnskulen er grunnlaget for vurdering i orden og åtferd heimla i forskrift til opplæringslova § 3-5:

Grunnlaget for vurdering i orden og åtferd er knytt til i kva grad eleven opptrer i tråd med ordensreglementet til skulen.

Grunnlaget for vurdering i orden er knytt til om eleven er førebudd til opplæringa, og korleis arbeidsvanane og arbeidsinnsatsen til eleven er. Det inneber mellom anna om eleven er punktleg, følgjer opp arbeid som skal gjerast, og har med nødvendig læremiddel og utstyr.

Grunnlaget for vurdering i åtferd er knytt til korleis eleven oppfører seg overfor medelevar, lærarar og andre tilsette i og utanfor opplæringa. Det inneber mellom anna om eleven viser omsyn og respekt for andre.

Vurderinga av orden og åtferd skal haldast åtskild frå vurderinga av eleven sin kompetanse i fag.

I vurderinga i orden og i åtferd skal det takast omsyn til føresetnadane eleven har. Til vanleg skal det ikkje leggjast avgjerande vekt på enkelthendingar; unntaket er dersom enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov. Fråvær kan føre til nedsett karakter i anten orden eller i åtferd.

II Ordensreglar

§ 8 Fellesreglar ved dei kommunale grunnskulane i Norddal

§ 8-1 Reglar knytt til orden

1. Møt presis til skuletimane og andre avtalar
2. Ha med deg alt utstyr som er nødvendig for opplæringa
3. Gjer avtalt skulearbeid til avtalt tid
4. Ta godt vare på alt som høyrer skulen til, både ute og inne, og stell fint med skulebøker og anna undervisningsmateriell
5. Fusk på prøver eller anna arbeid som skal leverast inn er ikkje tillete.
6. Du skal opphalde deg på skulen sitt område heile skuledagen, også i pausar og friminutt om ikkje anna er bestemt.
7. Hald skulen sitt område reint og ryddig både ute og inne.
8. Ta godt vare på personlege eigedelar. Unngå å ta med personlege verdisaker på skulen då kommunen si elevforsikring ikkje dekkjer dette.
9. Søk permisjon i god tid om du har behov for å vere borte frå skulen. I andre tilfelle skal du så snart som råd gi melding til skulen om årsaka til fråværet.

§ 8-2 Reglar knytt til åtfærd

1. Vis folkeskikk og respekt mot alle på skulen.
2. Hald arbeidsro i timane og vis respekt for undervisninga.
3. Ver lojal mot klassa sine egne ”klassereglar”
4. Rett deg etter dei lokale tilleggsreglane ved skulen. Desse reglane kan sette grense for lek som kan føre til fare for deg sjølv eller andre
5. Hærverk, vald, mobbing, trakassering og rasistiske utsegn er forbode.
6. Bruk av skulen sine datamaskiner og Internett skal gå føre seg i samsvar med skulen sine retningslinjer og etter Uninett sitt standardreglement.
7. Det er ikkje tillate å ta med seg eller bruke alkohol, narkotika eller andre rusmiddel.
8. Det er ikkje lov å bruke tobakk og snus.
9. Det er ikkje lov å ta med seg eller bruk gjenstandar som kan nyttast til å utøve skade på andre.
10. Mobiltelefonen skal vere avslått når 1. time ringer inn og til siste time ringer ut. Bruk av mobiltelefon skal berre nyttast etter avtale med lærar.

§ 9 Generelt om bruk av tiltak – sanksjonar

Alle sanksjonar skal vere slik at elevane skal forstå kva for reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere. Tiltaka kan praktiserast ulikt alt etter kor alvorleg regelbrotet er og etter eleven sine føresetnader. Før tiltak vert sett i verk skal eleven ha høve til å forklare seg for den som skal ta avgjerda, og eventuelt gjere opp for seg. Sanksjonar skal gjevast i samsvar med lov og reglement, og stå i rimeleg forhold til brotet på ordensreglane.

Kollektiv straff kan ikkje bli nytta for handlingar som har blitt utøvd av enkeltmedlemmar av ei gruppe/klasse.

§ 10 Tiltak som kan eller skal nyttast ved brot på ordensreglementet

Ein sanksjon skal kome så nær i tid som mogleg for regelbrotet, men ikkje så tidleg at kvar sak ikkje er forsvarleg opplyst og handsama.

- Kontakt med heimen og involvering av føresette.
- Pålegg om oppgåver for å rette opp skade dei har påført skulen sin eigedom eller eignelutar.
- Munnleg/skriftleg åtvaring frå lærar.
- Munnleg/skriftleg åtvaring frå stegleiar/rektor.
- Møte på skulen før og etter skuletid for å samtale med lærar/rektor og/eller utføring av pålagde oppgåver.
- Bortvising frå undervisninga for *enkelttimar* eller *resten av dagen* - jf. opplæringslova § 2-10.
- Ungdomsskuleelevar kan visast bort frå skulen i *inntil tre skuledagar* etter alvorlege eller gjentekne brot på ordensreglementet – jf. opplæringslova § 2-10.
- Bortvising frå eksamen – etter først å ha fått åtvaring – jf. opplæringslova § 3-36.
- Mellombels eller permanent byte av klasse.
- Overføring til annan skule når omsynet til andre elevar tilseier det, og andre tiltak har allereie er prøvd – jf. opplæringslova § 8-1. 3. ledd. Skal berre nyttast i særlege tilfelle.
- Pålegg om å erstatte skade – jf. lov om skadeerstatning §§ 1-1 og 1-2.
- Melding til politiet ved brot på straffelova, til dømes grov vald, grove truslar, grovt tjuveri, eldpåsetjing, grovt hærverk.
- Eleven må opphalde seg på eit avgrensa område på skulen.
- Inndraging av mobiltelefonen, for resten av skuledagen, dersom skulen sitt reglement for bruk av mobiltelefon ikkje vert følgt.
- Mobiltelefon som utan samtykke vert nytta til å fotografere og/eller gjere lydopptak av andre elevar, *skal* inndragast. Er det mistanke om at fotograferinga og/eller lydopptaket er krenkjande, *skal* mobiltelefonen verte overlevert til politiet. Føresette skal varslast av skulen.
- Rusmiddel og farlege gjenstandar *skal* inndragast og verte overlevert politiet. Føresette skal varslast av skulen.
- Fråteken retten til å nytte internett på skulen for eit gitt tidsrom.

Lista er ikkje uttømande.

IV Handsaming av saker

§ 11 Generelt

Handsaminga av brot på ordensreglementet følgjer reglane i;

- opplæringslova §§ 2-9, 2-10, 8-1
- forskrift til opplæringslova §§ 3-7 og 3-36
- forvaltningslova kap. V IV og VI
- forvaltningslova §§ 16 og 17

Ved avgjerder som ikkje er enkeltvedtak skal følgjande handsamingsreglar gjelde:

- skulen pliktar å kontakte føresette og informere om kva som har skjedd og om eventuelle konsekvensar.
- skulen pliktar å syte for at saka er godt opplyst, slik at ein kan treffe avgjerda på eit forsvarleg grunnlag.
- ei avgjerd kan ikkje bli fatta før eleven er varsla og førelagt relevante opplysningar.
- Før utvising eller inndraging av egedelar må avgjerda grunngjevast munnleg eller skriftleg.

V Ikraftsetjing

§ 12 Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft frå 01.08.2015